



Arkivnr: 2019/10150-14

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Evaluering av omlegging fv 567 gjennom Hosanger

Bakgrunn for saka:

I samband med handsaming av «RS 18/19 Statens vegvesen evaluerer ikkje omlegginga til ca 50 mill kr av fv 567 gjennom Hosanger» i møte i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 07.05.2019 vart det gjort slikt vedtak:

«Kontrollutvalet ber konst. fylkesrådmann skriftleg orientere til neste møte om sitt syn på saka og om, og i tilfelle kva som er gjort/vil verta gjort frå Hordaland fylkeskommune si side i saka. Den skriftlege orienteringa vert å sende sekretariatet innan 23.05.2019.»

På bakgrunn av vedtaket over handsama kontrollutvalet saka i møte 12.06.2019 i sak PS 62/19 der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet tek informasjonen frå fylkesrådmannen til orientering.*
2. *Vidare ber kontrollutvalet om at fylkesrådmannen sender kopi av svaret frå Statens vegvesen til Lars Mjøs, til utvalet innan 19.08.2019.*

Drøfting:

På bakgrunn av vedtaket over har vi motteke vedlagte notat med vedlegg frå fylkesrådmannen, dagsett 19.08.2019. Av notatet går det mellom anna fram at Statens vegvesen har svart Lars Mjøs 20.08.2019 på hans henvending dagsett 29.03.2019 på ein grei måte. Det er i svaret også signalisert at Statens vegvesen kjem til å følge opp ein del av punkta vidare. Av svaret går det også fram at fylkesrådmannen har svart ut nytt brev frå Lars Mjøs dagsett 04.06.2019. Det er også gjort ei vurdering av brev dagsett 25.06.2019 frå Gaute Røslund i det mottekne notatet. Slik sekretariatet ser det vil det ikkje vera grunnlag for at kontrollutvalet skal prioritere å bruke fleire ressursar på å følge opp denne saka, m.a. sett opp mot andre viktige saker utvalet har framover. Utvalet bør difor seie seg ferdig med saka.

Konklusjon:

Det vert tilrådd at kontrollutvalet tek informasjonen frå fylkesrådmannen og svaret frå Statens vegvesen til orientering. Vidare vert det tilrådd at utvalet ikkje prioriterer å bruke meir ressursar på å følgje opp denne saka, m.a. sett opp mot andre viktige saker framover, og seier seg ferdig med saka.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek informasjonen frå fylkesrådmannen og Statens vegvesen til orientering.
2. Kontrollutvalet ønskjer ikkje å bruke meir ressursar på å følgje opp denne saka, m.a. sett opp mot andre viktige saker framover, og seier seg ferdig med saka.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Fv 567 Hosanger sentrum - Svar på brev frå Lars Mjøs av 04.06.19
- 2 Svar frå SVV på Lars Mjøs sitt notat av 05.11.18
- 3 Fv 567 Hosanger sentrum - budsjettomtale og omtale i årsrapportar
- 4 Hosanger sentrum - fylkesrådmannen sitt notat til kontrollutvalet 12.06.19
- 5 Vedlegg 4_Lars Mjøs sitt notat av 04.06.2019
- 6 Vedlegg 5_brev frå Gaute Røsland